



Vinje kommune
Næringskontoret

Det kgl landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saks nr. 08/1973	Dokument 80
Mottatt 21 DES 2009	ASR/MA
Saks nr.	Ark. 410
Ansvar	Avskrift

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TCH	2009/2431	18927/2009	V60	18.12.2009

Høyringsuttale frå Vinje kommune - framlegg til verneheimel i jordlova

Vedlagt følgjer uttale frå Vinje kommune om framlegg til verneheimel i jordlova.

Med helsing

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Vedlegg:

Sendt til:

Det kgl landbruks- og matdepartement Postboks 8007 Dep 0030 OSLO



--

Arkiv saknr:	2009/2431
Løpenr.:	17804/2009
Arkivkode:	V60

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet	16.12.2009	09/150

Sakshandsamar: Thor Christiansen

Høyringsuttale - framlegg til verneheimel i jordlova

Vedlegg:

1 Høyering - forslag til verneheimel i jordlova

Bakgrunn:

Plan- og miljøutvalet gav i møte den 18. november uttrykk for at dei ønskte ei uttale på forslag til verneheimel i jordlova.

Dyrka jord er ikkje ein ressurs som kan fornyast, og som i tillegg er heilt avgjerande for framtidige generasjonars vidare eksistens. Om lag 8000 dekar matjord blir kvart år tatt varig ut av matproduksjon (Vinje har om lag 13 000 dekar eks. beite). Dette er ofte den eldste og mest produktive matjorda i sentrale strøk med gode klimatiske tilhøve for korn- og grønnsaksproduksjon. Regjeringa har gjennom St. melding nr.26 (2006-2007) satt som mål å halvere denne avgangen.

Eit sentralt tiltak er å gje jordressursar varig vern gjennom ein ny § 8b i jordlova. Jordbruksdrifta i verneområdet skal kunne forgå som tidlegare. Høve til omdisponering og frådelling skal sterkt innskrenkast. Vernet skal gjelde verdifull jord der det vert lagt vekt på

- arealets kvalitet til mat- eller forproduksjon, og da særskilt med tanke på korn
- om areal har mykje å seie nasjonal eller regional matproduksjon
- storleik- og om arealet er samanhengande
- om arealet ligg i eit område med utbyggingspress

Oppretting av jordvernområde skal vegast opp mot samfunnsinteresser. Det er foreslått at Fylkesmannen skal gjevast mynde i høve til omdisponering og frådelling i desse områda. Det er og FM som peker ut aktuell område overfor Statens landbruksforvaltning som i neste omgang fattar vedtak. Det skal og leggst til rette for gode *medvirkningsprosesser* overfor grunneigarar og kommunar

Verknaden av vernevedtaket vil vere at den aktuelle jorda ikkje kan brukast til *anna føremål enn jordbruksproduksjon*, jf. lovutkast § 14. Oppføring av driftsbygning og våningshus vil krevje – i motsetning til i dag – vedtak om omdisponering. Forslaget går og ut på at det kan gjevast

dispensasjon for nemnte tiltak og andre føremål som *har lite å seie for verneverdiane i jordvernområdet*. Det vert elles vist til høyringsutkastet.

Det er nemnt at det skal vere ein *open og inkluderande sakshandsaming* i verneprosessen og at kommunar skal involverast og gjevast høve til å uttale seg

Vurdering:

Vinje kommune har - etter sakshandsamar sin vurdering - neppe jordbruksareal som kvalifiserar til overnemnte kriteria. Både jordtype, klima og arronderringsmessige tilhøve taler for at ein verneheimel ikkje får verknad for kommunen. Med nokre unnatak er det største ubbyggingspresset i kommunen – hytteutbygging – og i område utan jordbruksareal.

Ein har likevel forståing for problemstillinga med jordvern, og sakshandsamar vil tilrå å gje tilslutning til dei tiltaka som vert skissert i høyringa.

Ein ser det derimot som uheldig og unødvendig at lovforslaget inneber at kommunane må gje i frå seg mynde i jordvernsaker til Fylkesmannen. Etter sakshandsamar sitt syn vil det – ut frå omsynet til kommunal sjølvstyre - vere viktig at kommunen vert førsteinstans for omdisponerings- og delingssaker som i dag. Overordna myndigheit har likevel høve til å omgjøre kommunen sine vedtak om *offentlige interesser tilsier det*, jf. forvaltningsloven § 35. Det å ta vare på dyrka matjord er i høyringsutkastet nemnt som døme på der omgjøring etter desse reglane kan nyttas.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Plan- og miljøutvalet har ikkje merknader til høyringsforlaget om verneheimel i jordlova med eit unnatak: at kommunane skal ha mynde til å gje samtykke til omdisponering og deling i område underlagt jordvern

Rådmannen,

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 16.12.2009:

Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Plan- og miljøutvalet støttar ikkje framlegget om å innføre ein verneheimel for dyrka mark i jordlova. Meiner at jordvernet heller må forankrast betre i anna, meir overordna lovverk, og gjentek samstundes forslaget om å innføre ei omdisponeringsavgift på dyrka mark.

Framlegget til Edland fall med leiarens dobbeltrøyst.

Framlegget frå rådmannen blei vedteke.

Plan- og miljøutvalet har ikkje merknader til høyringsforlaget om verneheimel i jordlova med eit unnatak: at kommunane skal ha mynde til å gje samtykke til omdisponering og deling i område underlagt jordvern